

# 30 Andre menner

## Lom og Skjåk

■ Med undring les eg i lokal media om lokalpolitikarar som vegrar seg og er defensive i forhold til kommunereforma.

Eg er lokalpolitikar i Skjåk og har mitt daglege arbeid med Lom kommune som arbeidsgjevar. godt tilfreds med både Lom og Skjåk. Valet om å delta i lokalpolitikken kjem av eit ynske om å arbeide for god livskvalitet i samfunnet. I god livskvalitet ligg eit trygt lokalsamfunn med allsridig kultur- og fritidstilbod, aktivt næringsliv og gode tenester for innbyggjarane.

Det har ikkje vore, og kan ikkje bli slik at eit lokalt engasjement berre fannar om eiga kommune. Vi er ein liten del av eit større samfunn, og ynskjer å bidra positivt med lokaldemokratiet.

■ Lom og Skjåk kommunar har lang erfaring med interkommunalt samarbeid. Eg vil påstå at begge kommunane er dyktige på samarbeid. Vi har mange eksemplar på dette, både mellom desse to, og med dei andre kommunane i Nordgudbrandsdalen.

Det som kjemteiknar velykkta samarbeid mellom Lom og Skjåk er tenester som er likeverdige i både kommunar, der den eine kommunen er arbeidsgjevar og tenesteytinga er til dels ambulært. Eksempel på dette er felles brannvernleiar, felles psykiatriseneste og felles barnevernsteneste. Dette er berre ein liten del av kva vi samarbeider godt om. I tillegg har vi eit større interkommunalt samarbeid på skatteoppkvejar, IT, GIS, lokalmedisinske tenester og legevakt, for å nemne ein liten del av det.

■ Ei evaluering av den interkommunale legevakta viser at innbyggjarane i Skjåk er dei som nyttar legevakta minst, samstundes har det ført til større belastning på heimeneestene. Årsaka til dette er blant anna høgare terskel for å sende pasienten til Otta. For dei som bur i grennda lengst vest i Skjåk, Bråtå, er det 98 km til legevakt, halvanna times køyreid ein veg. Den interkommunale legevakta er truleg kome for å bli da den er ein viktig faktor for at vi kan rekruttere legar til bygda. Men det er klart betenkeleg når folk vegrar seg for å skaffe seg nødvendig helsehjelp på grunn av lange avstandar.

Dette er eit av momenta som gjer at eg er skeptisk til kommunesamanslåing samstundes som eg ser det kan vera nødvendig. Same kor mykje vi slår saman og vil rasjonalisere, kjem vi ikkje frå at vi er eit stort geografisk distrikt med lange avstandar. Vegring på grunn av store avstandar er reelt, men for oss som bur i distrikta ikkje det same som politisk vegring. Dei tragiske brannane i vinter har vist oss at lokalkunnskap og lokalt beredskap er nødvendig i samfunnet. Både kommunereforma og politereforma kan verta ei utfordring mot lokalt beredskap.

■ Vi har fleire faktorar i samfunnet som påverkar lokalt tenesteyting, eit av dei er truslar og vald mot offentlege tenesteytarar. Som eit resultat av utviklinga dei siste åra kjem det

nå ei høyring som vil ha minst fem tilsette med bachelorgrad eller høgare på kvart barnvernkontor. Lom og Skjåk har felles barnvernsteneste med tre tilsette på høgskulenivå. Vi vil altså ikkje på dette feltet bli store nok dersom dette forslaget går gjennom.

I Skjåk er vi stolte av eit offensivt næringsliv. Næringslivet er svært viktig for lokalt og regional verdiskaping. Næringslivet i Skjåk samarbeider over kommunegrensar blant anna gjennom Gudbrandsdal Industrieretverk. Det avheng ikkje av storleik på kommunar, men av samarbeid.

■ Samfunnet, politikken og lokal forvaltning har alltid vore i forandring, det er eg som lokalpolitikar klar over. Det er likevel slik at vi må ha eit minste minimum av sentrale retningslinjer for å imøtekomme krav som samfunnet gjev. Eg treng mer faktakunnskap for å ta eit endeleg standpunkt til kommunesamanslåing, eg kan ikkje forsvare å ta eit så viktig standpunkt basert på synsing. Lokalt vil vi arbeide for å framskaffe mer fakta, men vi manglar retningslinjer frå Regjeringa og kommunereforma. Kva for nye oppgåver blir lagt til kommunal forvaltning, og kva for krav ligg det i desse?

Både Lom og Skjåk er godt drivne kommunar som baserer seg på balansert målstyring. Vi handlar ut ifrå mål, ikkje berre frå tanken om at vegen blir til mens vi går. Faktagrunnlag og målsetjing må og liggje til grunn for ei eventuel kommunesamanslåing. Vi arbeider for å skaffe oss faktagrunnlag lokalt og forventar sentral oppfølging. Når dette er på plass, er det tid for eit godt grunnlegje standpunkt.

**Edel Kveen**  
Skjåk Sp

## Kommunereform og regional utvikling

■ Ove Turtnum har som leiar i Vågå Sp eit innlegg i GD den 8. febr. under denne overskrifta, der han rettar kritikk mot måten Arbeiderpartia i Sel og Vågå har handtert kommunereforma. Han etterlyser at denne saka burde vore teke opp i ein breiare samanheng. Opposisjonen set tydeleg lite pris på framtidsertra interkommunalt partipolitisk arbeid.

Vågå Ap har med grunnlag i vedtak i dei politiske partia representerte på Stortinget teke til etterretning at det ville koma ei kommunereform, noko som vart ekstra aktuelt med den nye regjeringa Solberg i fjor haust. Derfor har Vågå AP brukt heile fjoråret på kommunereformprosessen i både gruppearbeid og fleire medlemsmøte. I dette arbeidet har ein sett på dei vurderingane som er gjort i regionen frå 2003 og fram til vår tid når det gjeld spørsmålet om kommunestruktur. Rapportar og informasjon frå både Østlandsforbining, Telemarkstorkning, KS og kommunaldepartement har vore trekte fram att i dette arbeidet. Konklusjonen i medlemsmøte i Vågå Ap vart at partiet ønskje at

Vågå kommune skulle ta kontakt med Sel kommune med sikte på eit forprosjekt som skal sjå om det er grunnlag for å greie ut ei samanslåing av dei to kommunane.

■ Ove Turtnum har rett når han seier at eitkvart utfall av kommunereformarbeidet vil påverke regionrådet sin funksjon. Derfor tok Vågå opp denne saka på regionrådsmøte den 6. desember i fjor, ikkje minst etter den sterke oppmodinga som fylkesmannen kom med på regionmøte i Nord-Gudbrandsdal veka før. Der var eit ønske om at regionstjefen skulle leggje fram ei sak for regionrådet om korleis regionen på best mogleg måte kunne vera ein aktiv part i kommunereformprosessen, der m.a. følgjande moment skulle vurderast:

- Korleis informasjonen i regionen vår ønskje seg.
- Ei vurdering av dagens kommunestruktur sett i lys av endringar i oppgåver og omfang av regionale og interkommunale løysingar.
- Korleis dette arbeidet kunne organiserast for å oppnå størst mogleg regionalt engasjement og best mogleg resultat for regionen.

■ Regionrådet var ikkje innstilte på at regionstjefen skulle leggje fram ei slik sak, så han fekk «berre» i oppgåve å utarbeide eit notat om kommunereforma som vart sendt ut til kommunane den 6. januar. Hadde opposisjonen frå Vågå stilt opp på møtet så kunne kanskje fleire slutta opp om ein breiare regional prosess?

Fylkesmannen var klar i bodskapen sin på møtet på Otta den 2. desember i fjor: «Dette må de engasjere dykk i, meine noko om, ikkje dukke ned og tru at det går over. Takk de ikkje del, så må de pent ta imot det som blir servert dykk».

Det er ikkje andre kommunar enn Sel kommune som så klart har meldt tilbake at dei ønskjer å starte opp eit vidare samarbeid med Vågå. Det er fleire saker i seinare tid der kommunar i regionen tarker nei til å ta del i interkommunalt arbeid, og at dei ønskjer å seia opp og reforhandle eksisterande samarbeidsavtaler. Dette må vi i demokratets namn berre respektere.

■ Når faglag i landbruket i Sel og Vågå går saman i ein organisasjon med felles kommunal landbruksplan som eitt av styringsdokumenta viser dei handlekraft. Vågå AP ønskjer heller ikkje å stå att på perongen og vente til nokon teiknar både kart og nye oppgåver for oss. Korleis kartet ser ut om 5-10 år er det truleg ingen som veit, men vi må ta del i og bry oss om denne prosessen. Mykje tyder på auka engasjement i denne viktige saka, og det er bra, for det tenar regionen vår.

**Kjell Nyhus**, Vågå  
kommunestyreleir (Ap)

## E6 og politikk i Ringebu

**Ordfører Erik Odlo kommer ikke med noe nytt eller noe ukjent for undertegnede i sitt tilsvar til Laurits Kleiven og undertegnede i GD fredag 24. januar.**

Saken er den at det var, som tidligere sagt, 100 % enighet blant kommunens berørte parter i 2011, inkludert støtte fra fylkeskommunen. At våre politikere påvirkes av skremseispropaganda som at «vegen blir utsatt ikke blir bygd», «kan risikere at alt blir reversert», er for dårlige unnskyldninger for elendig vedtak fra lokale politikere som skal ivareta innbyggernes interesser.

Det som er gjort i denne saken fra de 13 som ikke turte stå på vedtaket fra 2011, er som å høre Ludvig i Flåklypa: «Det e falli det det». Helt utforståelig er det at Sp, som skal fronte bondens syn og interesser, kan gjøre slik vedtak. Spesielt når noen av overordna myndigheter som uttaler seg ikke engang har vært på befaring og sett galskapen av sine vedtak. Kanskje det har gått så langt at andre parter enn Sp forstår bedre at «bonden og produktiv jord er noe vi må ha og trenger i samfunnet våres».

Som eksempel på at det nytter er, E6 utbyggingen i Sel kommune der politikerne sto samlet og vant fram mot overordna myndigheter. Det samme gjorde de i Lesja kommune da det gjaldt videre utbygging av turistdestinasjonen Bjorli som møtte kraftig motstand. De hadde som motto, det er vi som bestemmer i vår kommune. Vet ikke om administrasjon spilte på lag med politikerne i de sakene men kommunene vant i hvert fall fram med det de ville.

Når vi nå ser planforslaget i Ringebu fra vegvesenet så er mye allerede nesten tilbake der det var tidlig i prosessen, blant annet er vegen trukket mye lengre opp mot Tollmoen og eldresteret igjen. På tross av forhandlinger og vedtak om innløsning og flytting av grunnvanns brønn som dermed gjør det mulig å legge vegen helt ut på landbakken.

At ordfører skriver seg på en protestliste mot sitt eget vedtak uten å ta saken opp på nytt i kommunestyret, er skremmende for videre utvikling i kommunen. Nå forventer kommunens innbyggere, helt klart svært mange av dem, at ordfører og ansvarlige politikere tar noen grep som kan bote på noe av galskapen.

Et sentralt punkt må være å legge jantelov til side, samarbeide på tvers av partigrænser og oppfylle valgløfter til beste for innbyggerne. Dette er sakset direkte ut av Ringebu-Fåvang Sp sitt program 2011-2015: « bruke alle kanaler for å få på plass en E6-trasé i tråd med lokale ønsker, og slik at ny E6 forbi Ringebu bidrar til flomsikring.»

Kan fortsatt hende det nyter å kontakte sentrale myndigheter hvis en bare selv vil ta inn over seg og erkjenne feil og dårlige vedtak.

**Dag Gøran Møen**  
Ringebu

## Vallentains dei

**14. februar er den såkalla St. Valentinsdagen eller berre Valentinsdagen. Ifølgje Wikipedia kan ein òg seie Alle hjartas dag på norsk..**

Det er altså i utgangspunktet snakk om St. Valentin. Likevel er ein ikkje sikker på om det er ein eller fleire personar med namnet Valentin som er grunnlaget for feiringa. I mellomalderen oppstod det då romantiske mytar knytte til nokon som heitte Valentin. Blant anna skal ein Valentin ha skrivne eit brev til kjæresten, som han avslutta med «din Valentin».

Ifølgje Wikipedia kan den kristne feiringa av Valentin ha røter tilbake til den romerske feiringa av gudinna Juno, som var gift med Jupiter, og som var mor til Mars, Minerva og Vulkan. Der var jo ikkje uvanleg at heidenske skikkar og festar blei vidareførde i ny drakt då kristendommen overtok.

Dagens feiring av valentinsdagen er derimot av nyare dato og utvikla seg i England på 1700-talet. Det blei moderne å vise kjærleiken sin gjennom blomar, sjokolade og kort. Frå 1800 blei det vanleg med masseproduserte valentinskort, og «galskapen» var i gang.

Det ligg sjølvsagt mykje pengar i ein dag der ein kan selje masseproduserte produkt. Derfor prøver også norske aktørar å få oss til å feire valentinsdagen. Wikipedia kan då fortelje at 70 % av norske menn i 2004 ikkje visste når valentinsdagen var.

I 2010 gjorde ein ei ny undersøking, som viste at valentinsdagen blei markert av berre om lag ein tredjedel av dei som levde i parforhold. Ein kan altså ikkje seie at valentinsdagen har blitt norsk tradisjon – enno; og i alle fall ikkje på same måte som morsdagen, som jo er like før.

Fordelelen med morsdagen er at det er heilt klart kven sin dag det er. Det er mor sin dag, enkelt og greit. Det er derimot ingen som veit kven Valentin er eller var, og korfor han skal ha sin eigen dag. Det er kanskje også derfor folk snakkar om vællentain. Det er ein lånt dag på same måte som Halloween, og det er nok mykje meir «dript» med vællentain og hællåvin. Det blir då straks meir stas når ein har lyst til å feire eitt eller anna, men eigentleg ikkje veit kva som er opphavet til den lånte feiringa.

Har ein nokon ein har kjær, burde ein kanskje vise dette kvar einaste dag gjennom heile året. Dersom ein treng ein bestemt dag i året for å sende blomstrar, sjokolade eller eit kort, seier det kanskje noko om at det ikkje står like bra til med alle dei andre dagane i året?

No er det jo ikkje noka hemmelighet at eg personleg er litt sær, og det yr ikkje akkurat inn med valentinskort hos meg. Men eg ville uansett ikkje ha lyst til å vere nokon sin Vællentain eller Valentin. Viss nokon skulle sende meg eit kort, bør det i det minste stå «Vil du vere min Jens?» på det.

**Jens Haugan, Hamar,**  
Lammunensstis i Hamar